

Interpellasjon til Vestland fylkesting 14. – 15. mars 2023

Til Fylkesordfører Jon Askeland

Frå Noralv Distad (H)

Vestlandsopprøret

NRK hadde den 2. mars i år oppslag om Vestlandsopprøret som skal ha offisiell lansering i Ålesund 20. mars.

Initiativtakarane seier at målet med opprøret er å løfta fram den store verdiskapinga på Vestlandet, og å peika på kor negativt det auka skattetrykket er for næringslivet og dermed samfunnsutviklinga på Vestlandet.

Auka skatt på formue, lakseoppdrett og kraftproduksjon er i realitet ei omfordeling av verdiar bort frå Vestlandet. Dette svekkar næringslivet i landsdelen si evne til omstilling og investeringar for berekraftig vekst, auka eksport og jobbskaping.

Vestlandsopprøret har så langt fått brei støtte, både i politikk og næringsliv. Vestland fylkeskommune må ta dette på alvor og følgja opp med å synleggjera for nasjonale styresmakter korleis auka skattar råkar vårt fylke.

Spørsmål:

Vil fylkesordfører ta initiativ til ein samla gjennomgang av dei konsekvensar auka skattar har for verdiskapinga og samfunnsutviklinga i Vestland?

Framlegg til vedtak:

Det vert utarbeidd ein samla gjennomgang av dei konsekvensane auka skattar har for verdiskapinga og samfunnsutviklinga i Vestland. Rapporten vert lagt fram for fylkestinget i juni 2023.